

**REKTOR**  
 Det har no kome ein ny rektor på Rosendal ungdomsskule. Han heiter Bjørn Olav Tveit og kjem frå Uskedalen. Avtroppande rektor Stein Elling Schile fortsett som lærar.



Ste  
 Stei  
 sen  
 så l  
 prøv  
 len.

Sch  
 tysk  
 Han  
 nøg  
 resp  
 meir

**Bjør**

Bjørn  
 Unge  
 unge  
 på de  
 ringa

Jobb  
 nand  
 eleva  
 Han f  
 gjere  
 hjelpe

Bjørn  
 tidaler  
 at ein  
 Rose

Avisa Under Nuten til ungdomsskulen i Rosendal er i år ei svært positiv oppleving. Det gjeld ikkje minst den teknisk sida, som før frå tid til annan har vore av blanda kvalitet. No er det tekniske glimrande.

**Innhaldet er allsidig og interessant og går ikkje utanom tema som nokre kanskje oppfattar som litt for kjenslevart å trykkja.**

**Redaktørane Synne Heim Helleland og Magrete Haugland Nes kunngjer at dei er berre 15 år, men kven skulle tru det - for dette er eit vaksent produkt. Det gjeld ikkje minst leiarartikkelen som er til ettertanke for dei som stillar krav til dei unge om å vere perfekte og reagerer på at dei tøyser grenser**

Dagens ungdom burde bryte reglar, tørre å få ein merknad på skulen og vere fornøgd med ein prøve hvis dei har gjort sitt beste, meiner redaktørparet.

Uskedalselevane har naturleg nok sett sitt preg på produktet. Vi strekar til dømes under kva Mats Løland Eik opplysar. Han slår fast at han ofte reiser til Rosendal for å vera saman med vennene sine, ikkje minst for å spela på kunstgrasbana. Men heretter vil han kanskje spela heime, der han slår fast at det er eit veldig godt miljø.

Den nye rektor Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen vert presentert mellom anna med ein slåande karikatur av Hans M. Sæle Kårstad. Nyrektoren er teikna saman med den avgåtte Stein Elling Schille. Det kjem nok fleire spenstige strekar frå den karen, Bjørn Olav slår fast at han trivest godt og rosar lærarar og elevar. Han vert presentert som aktiv og engasjert.

Av anna stoff med Uskedal-innhald er det grunn til å berømme Ronya Lakselv som går som går ope ut med sjukdommen sin og mellom andre Jacob Taranger for det politiske stoffet. Skal ein gjera einslags rangering spørst det imidlertid om ikkje sporten kjem som nummer ein.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen